




Integreringsplan for Lom kommune



Lom

Mai 2017

Contents

Prosess.....	4
Status.....	4
5 Føresetnadar for god integrering	6
6 Intervju med tilflyttarar i Lom	6
7 Kommunen som integreringsarena.....	7
7.1 Flyktingtenesta.....	7
7.2 Barneverntenesta.....	8
7.3 Legetenesta.....	8
7.4 Helsestasjon	8
7.5 Psykisk helse	9
7.6 Friskliv.....	9
7.7 Utgard.....	9
7.8 NAV.....	9
7.9 Barnehage og skule	10
7.10 Vaksenopplæring.....	10
7.11 Servicetorg	10
7.12 Biblioteket.....	11
7.13 Friviljugsentralen.....	11
7.14 Tilflyttarteam	11
8 Handlingsplan	12

Mandat

Politisk nivå i Lom kommune har i lengre tid etterlyst ein integreringsplan – i fyrste omgang var dette med tanke på integrering av flyktningar. Det var også diskutert om ein skulle utarbeide ein felles integreringsplan med Skjåk fordi det på det tidspunktet var felles flyktningsteneste i dei to kommunane. Den fyrste etterspurnaden etter ei integreringsplan kom frå varaordførar Anne Lise Marstein i september 2013 i samband med sak i kommunestyret om busetjing av flyktningar.

Kommunalsjef Bjørn Bakke hadde oppe bestillinga i flyktningrådet den 21.10.13 der det vart konkludert slik: «Vi vil avvente til Flyktningplanen er ferdig revidert (regional flyktningplan). Flyktningplanen skal til politisk behandling i kommunen. Når flyktningplanen er ferdig og godkjent, kan vi starte arbeidet med ein integreringsplan som vi da ser for oss bli ein handlings-/ tiltaksplan»

Ordførar avklara munnleg med kommunalsjef i november 2013 med sin tilslutning til konklusjonen. Flyktningplanen vart godkjent i kommunestyret den 24.04.2014 – KS sak 35/14. I samband med KS-sak 52/14 den 04.09.2014 bestilte Anne Lise Marstein ei orientering om flyktningstenesta og status for integreringsplanarbeidet. Orientering om status vart gjeve av kommunalsjef Bjørn Bakke den 16.10.2014.

Anne Lise Marstein etterlyste integreringsplanarbeidet på nytt i formannskapet den 18.05.2015. Dette vart teke opp att i kommunestyret den 26.05.2015. Adminstrasjonssjefen orienterte stutt og viste til innhaldet i vedteken flyktningplan. Vidare orientering om at planarbeidet vart utsett, med henvisning til e-postdialog frå 2013 mellom tenesteleiar og politisk leiing, der adminstrasjonen etterlyste vidare avklaring og handteringsmåte.

Politisk nivå oppsummerer slik:

Vi meiner at avklaring allereie er gjort og viser spesielt til statusoppdatering av integreringsplanarbeidet som vi fekk av kommunalsjef i KS 16.10.2014. I sluttan av mai 2015 vart dette drøfta på politisk nivå og dei (underskrive av varaordførar og ordførar) kom da med ei presisering av si bestilling;

«Ein felles integreringsplan stiller vi oss kritiske til, vi meiner det er viktig å ha vår eigen, lokalt tilpassa plan ut frå eigen behov og forutsetningar. Vi ynskjer ikkje å bruke omgrepene «integreringsplan flyktningar» spesielt. Ein slik plan må omfatte alle som skal integrerast i vårt lokalsamfunn, og handlingsdelen må tilpassast deretter. Det vil mellom anna vera ulik handlingsdel for skandinavisk talande personar kontra personar med anna språkleg bakgrunn, som i utgangspunktet må lære seg norsk. Eit anna moment som skil, og som må vektleggjast er dei store kulturelle ulikhetene.»

Prosess

Arbeidsgruppe:

Som det går fram av bakgrunnskapittelet har dette vore ein lengre prosess. Det har m.a. vore naudsynt å få avklart kven som skulle jobbe fram dokumentet og kor mange som skulle vere involvert i prosessen. Etter litt att og fram vart det nedsett ei arbeidsgruppe bestående av:

- Bjørn Bakke (leiar og kommunalsjef)
- Åshild M. Amundsen (næringsjef og landsbykoordinator)
- Herdis Kvamme Repp (rådgjevar oppvekst)
- Ola Ø Rossehaug (informasjonskonsulent)

Metode:

Det har vore brukt forskjellege metodar for å utarbeide integreringsplanen.

Dette har inkludert m.a.:

- Arbeidsmøter og dialogkafé med viktige ressurspersonar, som NAV, flyktningskontoret, biblioteket, Friviljugsentral m.fl.
- Oppmoding til å sende inn innspel via e-post ang. eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak
- Intervju med folk som har flytta til Lom i nyare tid, både flyktningar og andre tilflyttarar


Potensielle feilkjelder ved metodevala er at ein ikkje har lykkast med å involvere alle som burde vore involvert. Intervjua har elles vorte gjennomført av kommunen sine eigne tilsette, med den utfordringa at respondentane kanskje ikkje har uttrykt seg like fritt som dei ville dersom dei hadde prata med ein ekstern part. Arbeidsgruppa meiner likevel at feilkjeldane er relativt små.

Avgrensing:

Arbeidsgruppa har valt å avgrense integreringsplanen til kommunen sine eigne instansar. Det er viktig med fokus på tversektorielt arbeid for å lykkast. Samtidig vil samarbeid med innbyggjarar og lokale lag og organisasjonar vere eit svært viktig premiss for å lykkast med integreringsarbeidet, men arbeidsgruppa ser på det som utfordrande å legge dette inn i ein kommunal plan. Det er likevel viktig med ei bevisstgjering på at integreringsarbeid strekk seg langt utover det kommunale apparatet, og at alle innbyggjarar har ei rolle å spele dersom vi skal lykkast med god integrering og ei positiv befolkningsutvikling i framtida.

Status

Lom kommune har over tid hatt ein svak nedgang i folketalet, på lik linje med andre kommunar i Nord-Gudbrandsdalen. Frå 2007 til 2016 har talet på innbyggjarar gått ned frå 2436 til 2347 innbyggjarar, ein nedgang på 89 personar.



	Innflytting	Utflytting	Nettoinnflytting
2005	86	97	-11
2006	72	76	-4
2007	55	70	-15
2008	72	67	5
2009	65	60	5
2010	75	76	-1
2011	80	87	-7
2012	57	62	-5
2013	76	81	-5
2014	97	85	12
2015	81	93	-12
2016			5

I Lom bur det 142 personar med innvandrarbaggrunn (SSB, 2016).

Av desse er 78 flyktingar, fordelt på seks ulike land (sjå visuell framstilling).

Resterande er arbeidsinnvandrar og minoritetsspråkelege.

Flyktingar i Lom pr. 22.11.2016

Land	personar
Afghanistan	2
Burundi	3
Eritrea	20
Somalia	35
Iran	2
Syria	12
TOTALT	78



5 Føresetnadar for god integrering

Det finst mykje forsking på tilflyttingsarbeid og integrering i norske kommunar. Knytt til arbeidet med denne integreringsplanen har vi vald å synleggjere ti råd som er lista opp i Distriktsenteret sin rapport «Med hjarte for den rette staden» (2016):

“Du blir aldri ferdig med å gjere kommunen din til ein betre stad å bu i. Det er eit kontinuerleg arbeid. Kor mange av desse punkta arbeider din kommune bevisst med? Og på kva måte føregår arbeidet?”

1. Få folk til å kjenne at dei blir sett pris på. Det styrkar kjensla av å høre til på staden.
2. Legg til rette for opplevingar i natur og friluft. Det skapar sterkare tilknyting til staden.
3. Kommunen og lokalsamfunnet må sjå, og bli kjent med tilflyttaren.
4. Kommunen må betre dei svake sidene og vise fram dei sterke sidene.
5. Sjå på tilflyttaren som ein ressurs – i brei forstand.
6. Involver og engasjer tilflyttaren i frivillig arbeid.
7. Vis tydeleg at du verkeleg ønskjer at den nye tilflyttaren skal bli i kommunen.
8. Sjå på alle nye tilflyttarar som ein mogleg ressurs – både i lokalsamfunnet og i arbeidslivet. Ser du på enkelte som «annanrangs» tilflyttar, som berre skal hjelpast og som ikkje vil vere til nytte? Då må du jobbe med di eiga haldning. Som kommunetilsett skal du bidra til vekst og utvikling.
9. Jobb for å gi tilflyttarar ein god velkomst – følg dei opp over tid og lytt til uttrykte ønskje og behov.
10. Opna opp kommuneorganisasjonen for språkpraksis og arbeidspraksis. Start arbeidet så raskt som mogleg.

Arbeidsplassar er framleis den viktigaste grunnen til at folk flyttar, men det er meir enn arbeidsplassar som avgjer om dei blir verande. Her blir mellom anna eit variert og attraktivt bustadmarknad peikt på som sentralt. Vidare skal ein ikkje undervurdere kulturen på ein stad.

«Arbeid får dei til å kome, kultur får dei til å bli» er sitert i rapporten. Å forandre ein (u)kultur er langsiktig og utfordrande arbeid som ikkje kan vedtakast i ein plan, men kunnskap og bevisstgjering er steg i riktig retning. Vidare blir det å legge til rette for gode fritidstilbod, møteplassar og friviljug arbeid peikt på som viktig med å skape ein god kommune å bu i. Alt dette heng saman med integrering. Ein anna rapport frå Distriktsenteret viser at når arbeidet med inkludering av innvandrarar er forankra i kommunen sin toppling, blir resultata betre.

Begge rapportane kan du lese her:

- «Med hjarte på rette staden»: <https://distriktsenteret.no/2016/05/04/hjarte-rette-staden/>
- «Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling»: <https://distriktsenteret.no/2017/02/17/temahefte-innvandring-inkludering-sysselsetting-lokal-utvikling/>

6 Intervju med tilflyttarar i Lom

Bakgrunn

Som eit grunnlag for integreringsplanen så har vi intervjuat ti personar om deira oppleving av å flytte til Lom.

Intervjuobjekta hadde lita eller inga tilknyting til Lom før dei flytte hit. Gruppa består av

menn og kvinner frå 25 - 47 år, både etnisk norske og minoritetsspråklege.

Det er viktig å presisere at dette er eit avgrensa utval, og må handsamast deretter. Vi meiner likevel at innspela vi har fått er relevante og gyldige for mange av dei som kjem til Lom som tilflyttarar.

Generelt om å flytte til Lom

Dei fleste opplevde møtet med lokalsamfunnet som positivt. Rett nok er det ikkje så lett å bli kjent med nabobar, men det

er ikkje verre enn andre stader. «Det er mest i hovudet på lomværene sjølv at det er slik», er ein av påstandane. Dei fleste av dei som vart intervjuat opplever at folk flest seier hei og er imøtekommande.

Men det blir også sagt at lomværen er litt reservert og at det er vanskeleg å få innpass fordi dei fleste er etablerte og har nettverk. Eit par seier at dei nok hadde flytta frå Lom att, dersom dei ikkje hadde hatt nettverk her frå før.

Dei fleste av dei intervjuat kom hit på grunn av jobb, og arbeidsplassen blir peikt på som svært viktig for å bli kjent i lokalsamfunnet. Situasjonen er sjølv sagt ein heilt annan for flyktningane som ikkje hadde den arenaen å møte folk på. Elles meiner dei fleste at det er vanskeleg å skaffe seg oversikt over fritidstilbod i kommunen.

«Eg vart ikkje teken imot i det heile tatt»

Korleis tok kommunen imot deg?

På dette spørsmålet er det mange kritiske svar:

«Eg vart ikkje teken imot i det heile tatt»,

«Har ikkje fått noko informasjon frå kommunen»

«Vart henvist til formannskapssalen, med därleg merking og forvirrande inngangsparti»

«Synes det er for därleg informasjon om Utgard på nett og heller ikkje så freistande – eit bilde av styrkerommet»

«Det er mykje informasjon som er sjølvsagt, men ikkje for ein innflyttar»

«Streva med å informere meg om alt mogleg»

«Fekk velkomstbrev frå ordførar, skulle bli invitert på middag, men vart det aldri».

Men også positive erfaringar kjem fram:

«Bra, ingenting å utsetje på velkomst. Det er eg som skal oppsøkje informasjon.»

Fleire seier at når dei sjølve har teke kontakt, er dei tilfredse med måten dei har blitt møtt på i kommunen, både av næringsjef og servicetorg.

Flyktingar melder om m.a. mangel på psykisk oppfølging, därleg informasjon om korleis dei skulle finne fram, ikkje opplæring på komfy, eller dei visste ikkje korleis dei skulle handtere sno. Men flyktingtenesta får også skryt: «Lom er den beste kommunen å kome til..»

Det er viktig å nemne at det har vore intervjuer f. flyktingar, og ein av dei som hadde därleg erfaring kom hit for mange år

sidan. Det er derfor mogleg at rutinane er betre i dag. Biblioteket blir trekt fram som eit særdeles viktig møtepunkt, særleg for flyktingar. Her kjenner dei seg velkomne, og her får dei god hjelp.

Friviljugsentralen og servicetorget får også positiv omtale. Vaksenopplæringa er ikkje nemnt, truleg fordi tenesta var utegløymt i spørsmålsstillinga.

Med unntak av flyktingtenesta kan det sjå ut til at kommunen manglar system / rutinar for å ta imot tilflytтарar.

Forslag til korleis kommunen kan bli flinkare til å ta imot tilflytтарar

Her kom det mange forslag:

- guida tur for tilflytтарar
- velkomstpakke eller velkomstbrev med t.d. Lom-handlenett, brosjyre, sentrumskart
- tilpassa tilflyttarside på lom.kommune.no, med relevant informasjon
- møtepunkt som t.d. tilflyttarmiddag, lunsj eller kaffi
- fast og lett synleg kontaktperson, personen må ha god oversikt
- lomsvenn
- informasjonsmøte

Mange understreka verdien av å ha ein person i kommunen med særleg ansvar for både dei som vurderer å flytte til Lom og dei som har flytta. Informasjon om kven dette er må vere lett tilgjengeleg. Mange etterlyser langt betre informasjon om aktivitetar, lag og organisasjoner.

Generelt fekk vi eit inntrykk av at det viktigaste for mange var å bli sett og verdsett som innbyggjarar av kommunen. Kva slags tiltak kommunen sett i verk er ikkje nødvendigvis avgjerande.

7 Kommunen som integreringsarena

7.1 Flyktingtenesta

Flyktingtenesta koordinerer det praktiske arbeidet kring busetjing som t.d. finne eigna bustad, skaffe møblar og utstyr, ordne med telefon/internett, strøm, forsikringar, barnehage-plass m.m. Burettleiling og oppfølging er ein viktig del av dette arbeidet.

Tenesta fattar vedtak om introduksjonsprogram for busette flyktingar etter avtale med IMDI. Det blir utarbeidd individuell plan saman med deltakarane med fokus på måloppnåing. Tilboda skal kvalitetssikrast og koordinerast for å sikre at programmet for kvar deltakar fyller krava i introduksjonsloven. Det er da ein føresetnad at samarbeidet mellom vaksenopplæringa, Nav og flyktingtenesta fungerar.

Flyktingtenesta arbeidar tett opp mot andre kommunale tenester, idrett, kulturliv, friviljugsentral, Nav, IMDI, UDI og andre samarbeidspartar. Det er utarbeidd ein felles flyktingplan for midt- og norddalen 2013-2017. Planen inneheld i grove trekk kva den einskilde har rett på som busett flyktning i Lom kommune. Lom kommune ser stor nytte i å ha ein felles flyktingplan og i å delta i dette «nettverket» som er ein møteplass for erfaringsutveksling og kompetansebygging.

Flyktingtenesta har utarbeidd eigne rutinar/prosedyrer som skisserer korleis saksgangen skal vera frå førespurnad om busetjing kjem frå IMDI til flyktingen er busett og i gang med introduksjonsprogrammet. I dette ligg også meldeskjema til andre viktige tenester i kommunen, slik som helse (helseyster, lege), barnehage, skule, politi m.m.

7.2 Barneverntenesta

Barnevernlova gjeld for alle barn som oppheld seg i landet, uavhengig av barnet sitt statsborgarskap eller oppholdsstatus. Dette betyr at kommunen har plikt til å yte tenester og tiltak etter lov om barneverntenester, dersom barnet har eit særleg behov for hjelp.

Blant flyktningane kan både barn og foreldre vera prega

av hendingar dei har vore utsett for, eller vore vitne til i heimlandet og/eller under flukta. Dette gjer at mange slit med aktive og ubehandla traumer.

Barneverntenesta har ikkje noko spesielle tiltak for intergrering, berre i saker dei er inne i. Som eit ledd i TIBIR (tidleg innsats for barn i risiko), blir det arbeidd med å få på plass grupperettleiing for foreldre med flyktningbakgrunn.

7.3 Legetenesta

Minoritetsspråklege innbyggjarar utfordrar legetenesta særskilt på grunn av at dei ikkje kan godt nok norsk eller engelsk til å kommunisere med legane. Det blir difor nyttate telefontolk noko som gjer at konsulasjonane er krevjande både kvalitets- og tidsmessig, men også økonomisk.

Kulturelle ulikheiter er også ei utfordring; Å møte opp til avtalt time på legesenteret er ei utfordring. Manglande/for seint oppmøte fører til betydeleg meirarbeid for personalet ved legekontoret, i tillegg til store utgifter til tolketimar som ikkje blir nytta.

Ein del av flyktningane kjem frå områder i verda kor det er liten tilgang på helsjhjelp. Ein del av dei har også flykta frå områder med krig og uro, vakse opp med därleg tilgang til mat, og vore utsatt for smitte som ikkje er vanleg i Norge. Dette krev spesiell kompetanse hjå legar og anna

helsepersonell. For legetenesta vil det være viktig å auke kompetansen innan flyktninghelse, både blant legar og andre helsemedarbeidarar.

Det er eit behov for å samordne tenestane innan helse for å sørge for tilstrekkeleg koordinering og oppfølging. Einskilde kommunar har etablert eige flyktninghelseteam som har til hovudoppgåve å gje eit helsetilbod til nye busette flyktningar og familiegjenforeinte.

Tilbodet skal ha særleg vekt på kartlegging av psykiske og fysiske helseproblem, oppfølging og behandling, screening av smitteførande sjukdom som t.d. tuberkulosekontroll, helsefremjande og førebyggjande arbeid - som helsestasjon for barn, vaksinering, undervisning og rettleiing om tema som livsstilssjukdomar og mestring. Lom kommune vurderer også å etablere eit slik team.

7.4 Helsestasjon

Helsestasjonen sin primære målgruppe er barn og unge mellom 0 og 20 år og deira foreldre/føresette. Helsestasjonen er såleis ein arena der alle gravide, barnefamiliar, skulebarn, flyktningar og arbeidsinnvandrarar er innom.

Alle nyankomne flyktningar er innom helsestasjon/lege for gjennomføring av faste vaksinasjonsprogram. For mange er dette ein av dei fyrtre instansane dei møter i sin nye kommune. Slik sett er helsestasjonen i seg sjølv ein arena for integrering og inkludering. Ei stor utfordring spesielt i høve flyktningar/framandspråklege som ikkje pratar/forstår norsk, er at ein i alle samtalar/konsulasjonar er avhengig av telefontolk. Dette er ressurskrevjande både i tidsbruk og reint økonomisk. Helsestasjonen skal gjeva framandspråklege foreldre/ føresette same tilbod om foreldrerettleiing som dei andre småbarnsforeldra i kommunen får, men det er svært ressurskrevjande da dei ikkje beherskar språket. Viktig å få med også dei framandspråklege t.d. i barselgrupper – dette styrkar både integrering og inkludering.

På helsestasjonen blir alle invitert til barselgruppe etter fødsel, også flyktningemødre og nytiflytta med barn under 1 år. Barselgruppene har fyrste treff på helsestasjonen, så får gruppa ansvaret for å treffast ein gong i månaden eller oftare på eige initiativ. Dei fleste lagar seg ei gruppe på facebook slik at dei avtaler treff og oppdaterar kvarandre der.

Helsestasjonen har også andre gruppertilbod/kurs der foreldre kan treffast og bli kjent med kvarandre:

- COS-P (Circle of security parenting) er eit kurs over 6-8 treff der ein ser på video av samspel mellom foreldre og barn og drøftar i gruppe. Alle småbarnsforeldre kan melde seg på. Flyktningar kan også vera med, men må kunne ganske godt norsk for å få utbytte av det.
- Fyrstehjelpskurs til alle foreldre med nyfødte barn.
- 18 mnd gruppe; Samlar alle 18 mnd gamle ungar med foreldre. Bibliotek, tannlege og helsesyster informerer.
- Babysong - felles for Lom og Skjåk, i samarbeid med kulturskulen. Ei gruppe vår og haust.
- Alle flyktningar og familiegjenforeinte med barn, blir kalla inn til samtale med tolk der det m.a blir informert om tenestane på helsestasjonen og kva for fritidstilbod som fins i Lom.
- Andre nytiflytta barn blir kopla på det vanlege helsestasjonsprogrammet. Skuleungar blir kalla inn til samtale. Alle nytiflytta med små barn blir informert om småbarnskafé som er eit flott tilbod på friviljugsentralen.
- Barnekontrolldagane er ein fin arena for å treffe andre foreldre med barn. Barn og foreldre møter på venterommet og kan slå av ein uformell prat.

7.5 Psykisk helse

Felles teneste for Lom og Skjåk. Tenesta er gratis og er eit lågterskel-tilbod til alle som bur eller mellombels oppheld seg i Lom eller Skjåk. Innbyggjaren sjølv kan ta kontakt eller bli henvist av fastlege eller andre helsepersonell i samråd med innbyggjaren sjølv.

Følgjande kan ta kontakt; Dei som har vanskar med å fungere i kvardagen. Dei som opplever sorg, angst, nedstemtheit eller ved krisehending. Dei som treng hjelp i høve rus eller anna avhengigheit.

Tilbodet kan omfatte:

- Individuell samtale
- Kartlegging og vurdering av utfordringar.
- Rettleiing, rådgjeving og støtte i ein vanskeleg situasjon.
- Fremje sjølvstende og evne til å mestre eiga liv.

7.6 Friskliv

Frisklivsrettleiar ynskjer å hjelpe personar som vil endre livsstil for å oppnå sunne lelevanar. Frisklivsrettleiar arbeider etter prinsippet om "hjelp til sjøvhjelp", det vil seie at du må ha motivasjon og lyst til å gjere ei endring, og vera innstilt på å jobbe med dette over tid.

Tilbodet frå Lom Friskliv er i dag oppfølging i gruppe.

7.7 Utgard

Utgard er ein viktig møtestad med tilgang til diverse idrett- og kulturaktivitetar. Dette er eit viktig gode for både eksisterande innbyggjarar og eventuelle tilflyttarar.

7.8 NAV

NAV samarbeider med flyktingtenesta og vaksenopplæringa i høve introduksjonsprogrammet. NAV er også inne i klasserommet på vaksenopplæring for å undervise i kvardagsøkonomi.

Elles har NAV kjennskap og kompetanse til å rettleie innafor dei relevante stønadsordningar. For å tilpasse den enkelte mottakar til å kome seg raskt inn i arbeidslivet, er NAV inne med yrkesretta rådgjeving, etterfylgt av målretta og

- Undervisning.
- Hjelp til å strukturere kvardagen.
- Samarbeid/rådgjeving til pårørande.
- Hjelp til å opprette kontakt med og samarbeide med andre offentlege instansar.
- Samarbeid om individuell plan for personar som mottek tenester frå fleire instansar for å få eit heilheitleg tilbod.

For gruppa flyktningar kan det vera store utfordringar i høve ulike opplevingar tidlegare i livet og det kan vera svært ressurskrevjane både i tidsbruk og reint økonomisk, fordi ein er heilt avhengig av å nytte tolk.

Gruppene vil ha ulikt tema frå gong til gong, til dømes overvekt, diabetes og kroniske smerter. Det er oppstart av ny gruppe kvar haust.

Det blir i 2017 sett i gang «Bra-mat-kurs» og tilbod om fysisk aktivitet for flyktninggruppa – samarbeid med Friviljugsentralen.

Utgard har ikkje direkte integreringstiltak utover dette.

arbeidsretta styring gjennom introduksjonsordninga. Dette er eit arbeid som er krevjande, og er viktig for at kommunen skal få lagt til rette for at vedkommande kan kome ut i arbeidspraksis og språktrening snarast råd. Dette må i større grad gjerast i samarbeid med vaksenopplæringa.

Kommunen samarbeider i tillegg med Karriere Oppland for å få til ei meir effektiv kartlegging av realkompetanse. (inn under VO?)



- **TPO:** Tilpassa opplæring
- **Vurdering for læring:** Retningslinjer for lærarane sin vurderingspraksis
- **Mattelyst:** Matematikksatsing i grunnskulen
- **UIU:** Ungdomstrinn i utvikling - nasjonal satsin
- **SFO:** Skulefritidsordning
- **ALU:** Auka læringsutbyte

7.9 Barnehage og skule

Verdigrunnlaget for skule og barnehage er forankra i FN sin barnekonvensjon og i formålspragrafane og byggjer på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv.

Integrering og inkludering er ein føresetnad for å oppleve eit godt barnehage- og skuemiljø, ein rett alle barn har. For å sikre at kravet blir oppfylt, har kommunen utarbeidd «Plan for å sikre lomselevane eit godt psykososialt læringsmiljø». Også for barnehagen er det utarbeidd ein slik plan.

Kommunen har utarbeidd rutine for mottak av minoritetsspråklege barn i skule og barnehage. I barnehagevedtekten for Lom er minoritetsspråklege barn prioritert ved opptak. Både praktiske og pedagogiske grunnar ligg bak prioriteringa. Frå 6-16 år har alle rett og plikt til grunnskoleopplæring, retten gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Plikta startar når opphaldet har vara tre månader.

Elevar fra språklege minoritetar har rett til særskilt norskkopplæring. Barnehagebarn har ikkje ein slik rett, men med tanke på kor viktig tidleg innsats er, oppretta kommunen hausten 2016 ei 40% stilling til språkstimulering av minoritetsspråklege barn i barnehagen.

Om nødvendig har også elevar rett til morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Så langt har ikkje Lom kunne tilby slik opplæringa.

Barnehageåret 16-17 blir pedagogar i barnehagen kursa i «Norsk for minoritetsspråklege barn i barnehagen». I tillegg tek ein barnehagelærar og ein grunnskulelærar 30 stp i andrespråkspedagogikk.

Foreldremøta er ein viktig integreringsarena, og både i skule og barnehage blir det sett inn tiltak for å ivareta både minoritetsspråklege foreldre og andre nye foreldre på foreldremøte.

7.10 Vaksenopplæring

Tilbod pr. skuleåret 16/17:

- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne, 2 grupper. I gruppene har vi primært elevar med rett og plikt til gjennomføring av 600 timer og rett til Introduksjonsordning. I hovudsak busette flyktningar og familieforeinte. Stor ulikskap i bakgrunn og nivå innan kvar gruppe.
- Grunnskoleopplæring for vaksne, førebels ei gruppe på eitt løp i 3 år.

Dette er inga homogen gruppe, og dei må lære å finne fram i tenesteapparatet.

I tillegg er det store variasjonar i utdanningsnivå, familiesituasjon og alder blant flyktingane. Dettekrev at alle tenesteområda er bevisste på å rettleie brukarane innanfor sine områder. Det er ønskjeleg med ekstra ressursar til analfabetar. Vi har behov for morsmålsundervisning og eiga opplegg for analfabetar.

Vi ser det som viktig at dei får grunnopplæringa si i Lom. Dette for å ha tettare kontakt og oppfylging med dei sjølv i introduksjonsprogrammet som Lom kommune er ansvarlege for, og at dei er i lokalmiljøet sitt her i kvar dagen for at målet med integrering i lokalsamfunnet skal bli lettare å nå. Det er

vidare eit behov for å samarbeide tett med den vidaregåande skulen i høve denne aldersgruppa, slik at overgangen frå vaksenopplæringa til vidaregående blir så god som mogleg.

Vidaregående tilbod for dei med vaksenrett er ikkje tilpassa dei med stutt butid i Norge.

Behov:

- Vi har behov for å dele elevane inn i 3 grupper i tillegg til grunnskoleopplæringa. Vi opplever ei forseinking i progresjonen fordi vi ikkje får nivådelt elevane betre. Det vert store utfordringar i å gjennomføre undervisning der ein skal tilpasse ei bredd frå analfabetar til høgskuleutdanna deltakarar.
- Tilbod til personar utan rett og plikt som også har eit stort behov for å lære seg norsk. Vi hadde inntil 2016 vedtak om å halde nybyrjaropplæring, 50-timerskurs, for framandspråklege utan rett og plikt. Dette vart teke ut av budsjettet for 2017. Med så mange med rett og plikt, kan vi ikkje lengre ta inn elevar utan rett i desse gruppene heller.
- Ei regional satsing på vidaregåande utdanning for vaksne.

For serviceetorget er det ei utfordring å vera klar over kva den enkelte forventar, særleg dersom vedkomande har vore i kontakt med andre i organisasjonen tidlegare.

7.11 Servicetorg

Servicetorget er eit naturleg “ansikt utdad” for Lom kommune. All kontakt med kommunen skjer i utgangspunktet gjennom servicetorget. Kanalane er epost, sentralbord og personleg oppmøte.

Oppsummert er servicetorget:

- Formidlingsorgan for vidare kontakt i organisasjonen
- Dei som svarar på konkrete spørsmål ved henvendingar

7.12 Biblioteket

Biblioteket har ingen særskilde tiltak spesielt retta mot innflyttarar, utanom den daglege rettleiinga i å finne tilpassa litteratur for norsk språktrening.

Vi har derimot fleire planar vi ikkje har fått gjennomført grunna mangel på ressursar, deriblant ei oppfølging av EU-prosjektet The Stranger, som vi deltok i for nokre år sidan. Vi begynte også så smått før påske med ei kartlegging av kva for litteratur som burde vore innkjøpt med tanke på innflyttarar, dette i samarbeid med vaksenopplæringa. Her har vi planar om å setje opp eit budsjett, for å søkje om stønad til innkjøp av sårt tiltrengt litteratur.

Ei enkel skisse over tiltak eg kan tenkje meg at jobbar meir med blir følgjande:

Når det gjeld norskspråklege innflyttarar, får dei nett det same tilbodet som alle andre innbyggjarar, noko dei fleste også nyttar seg i stor grad av når dei kjem flyttande. Vi er alltid i dialog med lånarane, og legg stor vekt på at alle skal kjenne seg velkomne og inkluderte når dei kjem til biblioteket.

Aktuelle framtidige tiltak:

- Innkjøp av tilpassa litteratur, oppfølging i biblioteket i form av språk treningskveldar –søkje om prosjektmiddel? (Påbegynt prosess)
- Integreringsprosjekt spesielt retta mot einslege kvinner (vår erfaring tilseier at denne gruppa slit ekstra sårt i integreringsprosessen) –t.d. ved temakveldar på biblioteket i samarbeid med lokale friviljuge
- VOX, Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, har liggjande ressurslenkjer for friviljuge som ønskjer å hjelpe til med norsktrening for framandspråklege: <http://www.vox.no/Norsk-og-samfunnskunnskap/norsktrening/> Sjølv om Friviljugsentralen i dag driv språkkafé, kan likevel biblioteket ha liknande tiltak, gjerne på kveldstid, som då kan nå også dei som er opptekne på dagtid.

7.13 Friviljugsentralen

Eksisterande tilbod på Friviljugsentralen som har integreringseffekt i seg;

- Strikkegruppe (Bundingen)
- Bra Mat-kurs. (til dei på introduksjonsprogram og dei som ikkje er på program, og det vil bli vidareført til småbarnsmødrer, hausten -17)
- Språk-kafé i samarbeid med Biblioteket.
- Fredagstreff
- Småbarnstreff

Nye tiltak:

Lomsvenner, leksehjelp, familiekontaktar.
Samarbeidspartar: Vaksenopplæringa, Helsestasjon, Flyktningtenesta og Biblioteket.
Økonomi: Lom Friviljugsentral får overført kr 30 000; frå Flyktningbudsjettet til Flyktningarbeid.

7.14 Tilflyttarteam

Lom kommune har pr. dags dato ikkje eit eige tilflyttarteam. Både eksisterande og framtidige innbyggjarar får hjelpe av m.a. servicetorg og næringssjef dersom dei tek direkte kontakt, men kommunen driv ikkje eit aktivt oppsøkande arbeid.

Dette kjem også fram i intervjuet, der mange seier at dei ikkje har vorte «tatt i mot av kommunen» på nokon måte. Som ein fråflyttingstrua distriktskommune bør Lom kommune fortrinnsvis ta ei meir aktiv rolle.

I handlingsplanen er det foreslått ulike tiltak for å styrke kommunen sin posisjon som vertskap for nye innbyggjarar. Noko kan gjerast innanfor eksisterande budsjett, mens andre av tiltak vil krevje tilleggsløyvinga. Det er likevel relativt små summer det er prat om, sett opp mot føremålet.

Ein årleg tilflyttartur til Galdhøpiggen kan t.d. vere eit relativt billig tiltak som dei fleste kan klare, og som viser fram kommunen sine kvalitetar på ein sprek måte. Å gå på tur er også ein fin arena for å bli kjent med nye folk på ein naturleg måte.

Vi foreslår derfor at det blir oppretta eit lite men operativt tilflyttarteam. Pr. dags dato foreslår vi at gruppa blir samansett av næringssjef, informasjonskonsulent og ein servicetorget, men for framtida er engasjement for arbeidet viktigare enn stillingstittel.

Forskjellelege tiltak blir foreslått i tiltaksplanen, men det er viktig at arbeidet har eit visst handlingsrom, basert på tilflyttarane sine behov. Signala frå intervjuet tyder på at det ikkje nødvendigvis er tiltakets art som er avgjeraende, men at nye tilflyttarar føler seg sett og verdsatt.

8 Handlingsplan

Ansvar:	Samabeids-partnarar:	Tiltak:	Økonomi:
Flyktningtenesta	IMDI, UDI, helsektor, barne- og skulesektoren, vakseopplæring, Friviljugsentral m.fl.	<ul style="list-style-type: none"> Introduksjonsprogram med individuell oppfølging. Oppfølging av felles flyktningsplan for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen Prosedyrar ved buserjing 	Integreringstilskot frå IMDI
Legekontoret	Helsestasjon, psykisk helse, jordmor, flyktningtenesta	Etablering av eit flyktninghelseteam	Innanfor eksisterande budsjett / integreringstilskot
Helsestasjon		<ul style="list-style-type: none"> Foreldrerådgjeving til fleirkulturelle foreldre Barselgruppentreff og barnesang -COS-P (Circle of security parenting) Fyrstehjelpkurs til alle foreldre Velkomstbok hos alle nyfødte barn 	Foreldrerådgjeving til fleirkulturelle foreldre krev tilleggsøyving. Resterande tiltak er innanfor eksisterande budsjett / integreringstilskot.
Psykisk helseteneste	Legetenesta, flyktningtenesta	Gratis, lavterskelteneste som er ope for alle. Ingen konkrete tiltak retta spesielt mot flyktningar / tilflyttarar.	Innanfor eksisterande budsjett.
Barnevern	Helsestasjon, barnehage, skule	<ul style="list-style-type: none"> Grupperettleiing for foreldre med flyktningbakgrunn TIBIR (tidleg innsats for barn i risikogruppe) 	Innanfor eksisterande budsjett.
Friskliv	Lege, fysioterapeut, NAV m.fl.	<ul style="list-style-type: none"> Gruppetilbod ope for dei med behov. Bra-mat-kurs» og tilbod om fysisk aktivitet for flyktninggruppa – samarbeid med Friviljugsentralen. 	
NAV	Flyktningtenesta, vaksenopplæringa, Karriere Oppland	<ul style="list-style-type: none"> Rettleiing i høve støtteordningar. Oppfølging av introduksjonsprogrammet 	Innanfor eksisterande budsjett / integreringstilskot
Vaksenopplæring	Flyktningtenesta, NAV, friviljugsentralen	<ul style="list-style-type: none"> Oppfølging av introduksjonsprogram, m.a. Norskurs for minoritetspråklege utan rett og plikt 	Innanfor eksisterande budsjett / integreringstilskot. Norskurs for minoritet-språklege krev tilleggsøyving.
Biblioteket	Vaksenopplæringa, barnehage- og skulesektoren, kultur	<ul style="list-style-type: none"> Lavterskeltilbod ope for alle, legg stor vekt på integrering. Litteratur tilpassa innflyttarar, i samarbeid med vaksenopplæringa Språkkafé 	
Skule og barnehage	Helsesøster, ppt, Flyktningtenesta	<ul style="list-style-type: none"> Rutinar for å sikre alle barn og unge eit godt psykososialt miljø Rutinar for mottak av minoritetsspråklege barn og unge i skule og barnehage Prioritere deltakarar som ynskjer å ta vidareutdanning i andrespråksped. Flyktningkonsulenten deltek på foreldremøte Tolk på foreldresamtalar Vurdere moglegheit for tospråkleg assistent 	Skule: Det meste finansiert ved statlege midlar. Barnehage: Bruk av eigne kompetansemidlar

Ansvar:	Samabeids-partnrar:	Tiltak:	Økonomi:
Barnehage	6k oppvekst Høgskolen i Innlandet	<ul style="list-style-type: none"> Minoritetsspråklege barn har prioritet i Loar barnehage ved opptak 40% stillingsressurs til norsk for minoritetsspråklege barn i barnehagen Delta i kursrekke «Norsk for minoritetsspråklege barn i barnehagen» 	
Næringsjef	Regionkontoret Innovasjon Norge Skåppå AS Lokalt næringsliv	<ul style="list-style-type: none"> Rådgjeving og bistand knytt til å flytte til / og etablere verksamhet i Lom Kontaktperson for etableringskurs for innvandrare (dersom det blir vidareført) Omdømmearbeid Deltar elles i tilflyttarteamet (sjå under). 	Innanfor eksisterande budsjett på næring.
Tilflyttarteam: Næringsjef Informasjonskonsulent Servicetorg	Andre instansar i kommunen Frivilljugsentral Lag og organisasjoner	<ul style="list-style-type: none"> Opprette eit lite og operativt tilflyttarteam Vidareutvikle menypunktet «Ny i Lom» på heimesida, med informasjon relevant for tilflyttarar Omdømmebygging på sosiale medier Arrangere møtepunkt for tilflyttarar Bestille og betale for postlister Sende ut velkomstbrev / pakke til tilflyttarar basert på postlistar 	Omdømmearbeid og vidareutvikling av heimesida kan gjerast innanfor eksisterande budsjetttramme. Kjøp av postlister, arrangement og utsending av brev / tilflyttarpakkar krev tilleggsloyming.

